

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	23.10.2017
<b>Tid:</b>	09:00

### Dagsorden:

kl. 09:00 –	Start
kl. 09:15 – 09:45	Brannøving
kl. 09:45 – 11:30	Sakshandsaming
kl. 11:30 – 12:00	Lunsj
kl. 12.00 – 13:00	Sakshandsaming, forts.

Til dette møte har Nina Murberg meldt forfall. Vara Asbjørn Halsebakke kan ikkje stille.

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kjell Gitton Håland  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 31/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 32/17	Godkjenning av sakliste		
PS 33/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 34/17	Referatsak (meldingar)		
RS 11/17	Møtereferat frå RMNF-AU den 22.08.2017.	2017/485	
RS 12/17	Møtereferat frå dialogmøte, Bybanetraseen og sikkerheit, særleg for blinde og svaksynte	2017/485	
RS 13/17	Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk	2017/485	
RS 14/17	Oversikt over dagens HC-plasser, Helse-Bergen	2017/485	
RS 15/17	Oversikt over økonomi pr. 30.09.2017	2017/485	
PS 35/17	Temadag - RMNF 2018	2017/485	
PS 36/17	Oppretting av brukervedvirkningsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4	2017/485	
PS 37/17	Ymse		

**PS 31/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 32/17 Godkjenning av sakliste**

**PS 33/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 34/17 Referatsak (meldingar)**



## **Notat**

Dato: 09.10.2017  
Arkivsak: 2017/485-24  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Møtereferat frå RMNF-AU den 22.08.2017.**

Vedlagt sendes referat frå møte i RMNF-AU den 22.08.2017, til info.  
Sjå vedlegg

Vedlegg:

1. Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 22.08.2017.

## Møtereferat

Dato: 25.08.2017

Emne:	<b>Møtereferat frå RMNF-AU 22.08.17</b>	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-5
Møtetid:	Kl. 08.30 – 09.45	Møtestad: Møterom, Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset

**Møteleiar: Kjell Håland**

**Referent: Merethe Helland Nordnæs**

### Agenda for møtet:

1. Informasjons- og drøftingsmøtet kl. 10.30 22.08.17.
2. Agenda for møtet i RMNF den 04.09.17
3. Aktuelle saker til Fylkesutvalet den 24.08.17, Jfr. mail av 17.08.17.
4. Eventuelt.

### Sak 1: Informasjons- og drøftingsmøtet kl. 10.30:

Arbeidsutvalet gjekk gjennom temaet for møtet, kven som hadde bekrefta at dei kom på møtet og formålet med møtet: Få en betre dialog framover, utfordringar og ynskjer frå organisasjonane. Kva er mogeleg å få til, innspel frå Bybanen Utbygging.

### Sak 2: Agenda for møtet i RMNF den 04.09.17:

kl. 09:00-09.30	Orientering om revisjon av Regional plan for folkehelse, v/Else-Marie Brobakke Aarø og Sigrid Næsheim Bjercke.
kl. 09:30-10:00	Orientering frå Eigedomsavdelinga, Nye Åsana VGS, presentasjon av planar, v/Svein Kjellevoid.
kl. 10.00-10:30	Orientering frå Eigedomsavdelinga, Arna VGS, sak angående samlokalisering v/Ragnhild Aak Skajaa.
kl. 10:30-11:00	Orientering om Sykkel VM i Bergen 2017. (?)
Kl.11:00 -12:00	Sakshandsaming.
Kl. 12:00 - 13:00	Lunsj
Kl. 13:00 – 14:00	Sakshandsaming

Vi har pr. idag, den 25.08.17, ikkje motteke tilbakemelding fra Sykkel VM i Bergen 2017, om dei kan halde orienteringa den 04.09.17.

Arbeidsutvalet gjekk gjennom sakene som er meldt opp til møtet den 04.09.17. Det vart foreslått at sak om Nye Åsane VGS skulle settast opp som ein politisk sak og ikkje som ein referatsak. Det vart og foreslått å invitere Ragnhild Aak Skajaa frå Eigedomsavdelinga til å halde ei orientering om Arna VGS samlokasering, samt denne saka og skulle meldast opp som ei politisk sak. Utvalet bestemte og at det skulle sendast ein invitasjon direkte til Sykkel VM i Bergen 2017 angående om dei kunne halde ei orientering på møtet den 04.09.17. Ingen i arbeidsutvalet hadde kommenterer til forslag til møteplan, men nestleiar uttalte at han kunne få problem med onsdag som fast møtedag for rådet. Dette var noko han ville undersøkjia. Det skal vere ei orientering om revisjon av Regional plan for folkehelse. Det var eit ynske at vedlegget i denne saka, skulle sendast medlemmene i rådet til orientering.

**Sak 3: Aktuelle saker til Fylkesutvalet den 24.08.17, Jfr. mail av 17.08.17:**

Arbeidsutvalet fann ingen saker som rådet burde gripe fatt i, frå sakslista til møte i Fylkesutvalet den 24.08.17.

**Sak 4: Eventuelt:**

På møtet i RMNF den 04.09.17, minne medlemmane i rådet på Landskonferansen den 31.10.17-01.11.17, om mogeleg, legge ved programmet for konferansen. Oppfordre medlemmane til å melde seg på konferansen. Påmeldingsfrist: 15.09.17.

Invitere Eigedomsavdelinga v/Ragnhild Aak Skajaa til å orientere om Arna VGS samkolisering, på møtet ca. Kl. 10.00 til 10.30 inkludert tid til spørsmål.

Merethe tar kontakt direkte med Sykkel VM Bergen 2017, ang. orientering for rådet i møtet den 04.09.17.

To ledige plasser på SOR-konferansen den 26. og 27. oktober i Oslo.

Det er ønskeleg at referat frå dette AU-møtet og referat frå informasjons- og drøftingsmøtet den 22.08.17 vert lagt ved sakene til møtet 04.09.17. Ein vil prøva på dette, men må ta forbehold om frister for å melde opp sakene til møtet den 04.09.17.





## Notat

Dato: 09.10.2017  
Arkivsak: 2017/485-23  
Saksbehandlar: memord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Møtereferat frå dialogmøte, Bybanetraseen og sikkerheit, særleg for blinde og svaksynte**

Vedlagt sendes referat frå møte den 22.08.2017, dialogmøte, Bybanetraseen og sikkerheit, særleg for blinde og svaksynte, til info.

Sjå vedlegg.

#### Vedlegg

1. Møtereferat frå dialogmøte/informasjons- og drøftingsmøte den 22.08.2017.



## Møtereferat

Dato: 28.08.2017

Emne:	<b>Informasjons- og drøftingsmøte: Bybanetraseen og sikkerhet, særlig for blinde og svaksynte ved kryssing av overganger.</b>	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Hordaland (RMNF) Kjell Søvik, nestleiar RMNF, Inge Fiskvik medlem RMNF, Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær RMNF. Sølvi Marie Risøy, medlem i kommunalt råd og leder Blindeforbundet i Hordaland, Mariann Fossum, daglig leder i Blindeforbundet i Hordaland, Britt Nonaas, leder i Førerhundklubben, Eva Kirkevik, medlem Blindeforbundet i Hordaland, Jorg Ordemann, medlem Tilgjengelighetsutvalget i Hordaland. Oddmund Sylta, direktør Skyss, Kjell Atle Gullbrå, direktør Bybanen AS, Ivar Gubberud, Sikkerhets- og kvalitetssjef Bybanen AS, Ingrid Haukeland, Fagansvarlig Landskap Bybanen Utbygging AS. Egil Hope, Det kommunale råd i Bergen, (KRFF), Svein Nord Kristiansen (KRFF), Ragnhild Hvoslep Kruger, rådgjevar KRFF.	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-6
Møtetid:	10:30 – 12:30	Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset.

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Merethe Helland Nordnæs**

### Agenda for møtet:

- 1. Innlegg v/leder i Blindeforbundet avd. Hordaland, Sølvi Marie Risøy:  
Utrygghet ved kryssing av overganger og bybanetraseen.**
- 2. Innlegg v/Bybanen Utbygging, Fagansvarlig Landskap, Ingrid Haukeland:  
Hvilke muligheter har vi?**

RMNF inviterte til eit dialogmøte. Møtedeltakarene var samde om at det var viktig og positivt å møtast, og å få igang ein god dialog framover. Her er det ulike behov, no må vi se framover og forsøke å finne ein løysing.

Innleiderne heldt presentasjonane. Blindeforbundet delte ut eit skriv/klagerapport frå fylkeslagsstyret som vart gitt til Bybanen Utbygging, Bybanen AS og Skyss. Etterpå var det diskusjon. Medlemmer frå Blindeforbundet fortalde kva som vart opplevd som problematisk ved å krysse overganger ved Bybanetraseen.

Bybanen Utbygging orienterte om korleis ein planla/prosjekterte Byggetrinn 4 for Bybanen. Det vart mellom anna orientert om prinsippa for haldeplassar, markering av traseen og markering av overganger. Ein kan gjera noko med framtidig bygging, som til dømes byggetrinn 4, dvs. seie Bybanen frå Sentrum v/Gulating lagmansrett til Fyllingsdalen via Haukeland sykehus. (Ferdigstilt ca. 2020.) Det er vanskelegare å gjera noko med det som allereie er bygd. Det viktigaste er å tilrettelegge for UU, og gjere dette i planleggingsfasen, før bygging. Det er dyrt reparere/rette opp manglande tilrettelegging når det allereie er bygget.

Dei fleste var einige i at det var mykje positivt å seie om Bybanen.

Enkelte kryssingspunkt vert teke opp av medlemmar av Blindeforbundet, då desse kryssingspunkta vart opplevd som vanskelege å krysse. Dei aktuelle kryssingspunkta var:

Bystasjonen: Vert opplevd som eit sers vanskeleg punkt. Kjell Atle Gullbrå peika at Bystasjonen er regulert i vestenden av traseen. Ei løysing kunne vere å lede folk mot den kryssingen.

Kaigaten: Det er vanskeleg for svaksynte å krysse her pga at førerhundar stoppar ved farevarslar.

Blindeforbundet meiner her at farefeltet bør fjernes, evt. at det vert laga nye kvite striper ved overgangen.

Bybanen Utbygging vil vurdere denne overgangen i samband med etablering av neste byggetrinn. Men dersom ein fjernar nedsenk-feltet for å avhjelpa kryssing av overgangen for svaksynte, kan og risikera å vanskeleggjera kryssing av overgangen for rullestolbrukarar. Her må ulike behov vektast.

Medlemmene i Blindeforbundet presiserte at det er viktig at lyd og lys verker saman, elles vert overgangen utrygg.

Blindeforbundet hadde positive erfaringar med samarbeidet med Avinor, i samband med bygging av den nye terminalen på Flesland. Det har vore laga ein rapport frå dette arbeidet. Blindeforbundet sender den til RMNF.

Representanten for Bybanen Utbygging tek med seg innspel/utfordringar i det vidare arbeidet med byggetrinn 4 for Bybanen.

#### **Kva kan ein gjera for eit betre samarbeid i framtida ?**

Blindeforbundet ønskjer eit forpliktande samarbeid og brukarmedverknad.

Det vart fremma forslag om å opprette ein referansegruppe/brukarmedvirkingsgruppe.

Bybanen utbygging ser positivt på at det vert oppretta ei referansegruppe, i det vidare arbeid med byggetrinn 4 for Bybanen. Det er viktig at ein evt. gruppe er rett samansett.



## Notat

Dato: 09.10.2017  
Arkivsak: 2017/485-22  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har motteke ein E-mail angående spørsmål knytt til registrering på skjerm ved ankomst til Sørås Tannklinikk. Spørsmålet er om denne skjermen er universelt utforma. Brukaren var rullestolbrukar. E-mailen er vidaresendt til Eigedomsavdelinga og deretter til Fylkestannlegen i Hordaland.

Sjå vedlegg med maildialog.

Vedlegg:  
Mail-dialog, Ankomst-skjerm, Sørås Tannklinikk.

Videresendt melding:

**Fra:** Arne Åsan <[Arne.Asan@hfk.no](mailto:Arne.Asan@hfk.no)>

**Dato:** 6. september 2017 kl. 10.59.52 CEST

**Til:** Ragnhild Aak Skajaa <[Ragnhild.Aak.Skajaa@hfk.no](mailto:Ragnhild.Aak.Skajaa@hfk.no)>, Kjell Gitton Håland <[kjell.gitton@gmail.com](mailto:kjell.gitton@gmail.com)>

**Kopi:** Ole Andrè Furnes <[Ole.Andre.Furnes@hfk.no](mailto:Ole.Andre.Furnes@hfk.no)>, "Bente Holmgren" <[Bente.Holmgren@hfk.no](mailto:Bente.Holmgren@hfk.no)>, Hazel Axinto Rødseth <[Hazel.Rodseth@hfk.no](mailto:Hazel.Rodseth@hfk.no)>, Ingrid Helen Bøe Knudsen <[Ingrid.Helen.Knudsen@hfk.no](mailto:Ingrid.Helen.Knudsen@hfk.no)>, Mette Skønberg Vallentinsen <[Mette.Vallentinsen@hfk.no](mailto:Mette.Vallentinsen@hfk.no)>, Margareth Simonsen Råen <[Margareth.Raen@hfk.no](mailto:Margareth.Raen@hfk.no)>, Agnete Norheim Kaldestad <[Agnete.Norheim.Kaldestad@hfk.no](mailto:Agnete.Norheim.Kaldestad@hfk.no)>, Lathamini Murugesh <[Lathamini.Murugesh@hfk.no](mailto:Lathamini.Murugesh@hfk.no)>, Ileana Mihaela Marthinussen Cuida <[Mihaela.Marthinussen@hfk.no](mailto:Mihaela.Marthinussen@hfk.no)>

**Emne:** SV: Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk

Hei!

Først og fremst – takk for tilbakemelding!

Selvfølgelig – dette skal vi finne en løsning på! Det er 25 av de største tannklinikkene våre som har fått montert slike ankomstregisteringsskjermer, og vi bør ha en gjennomgang av plasseringen på alle disse. Derfor kopi av denne saken til alle overtannleger.

Venleg helsing

**Arne Åsan**  
Fylkestannlege  
Tannhelsetenesta



Tlf: 55 23 90 92 | Mob: 416 67 867

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Fra:** Ragnhild Aak Skajaa

**Sendt:** 6. september 2017 10:45

**Til:** Arne Åsan <[Arne.Asan@hfk.no](mailto:Arne.Asan@hfk.no)>; Ole Andrè Furnes <[Ole.Andre.Furnes@hfk.no](mailto:Ole.Andre.Furnes@hfk.no)>

**Kopi:** Kjell Gitton Håland <[kjell.gitton@gmail.com](mailto:kjell.gitton@gmail.com)>

**Emne:** VS: Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk

Hei Arne og Ole!

Eg var sjølv innom Årstad tannklinikk i dag og reagerte på same måte på skjermen for registrering. (Rullestolbruker vil ikkje komme til skjermen, da det stod et bord under – og skjermen hang litt høyt)

Dette regner eg med at Tannhelse finner er løsning på!

**Ragnhild Aak Skajaa**  
prosjektleder  
Eigedomsavdelinga

Mob: 414 35 476 | Tlf: 55 23 95 07  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Fra:** Kjell Håland [<mailto:kjell.gitton@gmail.com>]

**Sendt:** 6. september 2017 09:59

**Til:** Ragnhild Aak Skajaa <[Ragnhild.Aak.Skajaa@hfk.no](mailto:Ragnhild.Aak.Skajaa@hfk.no)>; Tannhelseavdelinga - Postmottak <[Tannhelse@hfk.no](mailto:Tannhelse@hfk.no)>

**Kopi:** [egil.hope@hotmail.com](mailto:egil.hope@hotmail.com)

**Emne:** VS: Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk

Til Eiendomsavd. v/Ragnhild Aak Skajaa  
Med kopi til avd. tannhelse

Hei!

Jeg videresender denne mailen fra Egil Hope. Egil Hope er rullestolbruker og han er medlem i det kommunale Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Bergen kommune.

Egil tar opp noen spørsmål knyttet til registrering på skjerm ved denne tannklinikken som jeg ber dere undersøke, vurdere og rette opp slik at registreringen ved tannklinikkene får en universell utforming. Slik det framgår av det vedlagte bildet, så virker det som monteringen av skjermen for registrering ikke er i tråd med kravene til universell utforming.

På vegne av RMNF og fylket har jeg gitt Egil Hope honnør for henvendelse - og jeg håper og regner med at dette lar seg ordne.

Regner med å høre fra dere så snart dere har sett på saken.

Med vennlig hilsen

Kjell Håland  
Leder av Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne  
Hordaland fylkeskommune  
Tlf 93230596

**Fra:** Egil Hope [<mailto:egil.hope@hotmail.com>]

**Sendt:** tirsdag 5. september 2017 11.07

**Til:** Kjell Håland <[kjell.gitton@gmail.com](mailto:kjell.gitton@gmail.com)>; Harald Norheim <[madress@online.no](mailto:madress@online.no)>

**Emne:** Ankomst-skjerm på Sørås Tannklinikk

Hei:

Var til tannlege hos Sørås Tannklinikk i går. Ved ankomst skal du nå melde deg inn på en terminal/skjerm.

Dette var nytt, og dukket da opp noen spørsmål jeg sender til dere ved RMNF.

For syn er informasjonen om at du skal registrer deg på skjema vanskelig tilgjengelig.

Skjermen er av type touch, som slett ikke kan brukes av personer med nedsatt syn/blind.

Vanskelig tilkomst, og høyde for rullestolbruker. Bildet er gjerne ikke helt topp, men illustrer.

Det hele virker amatørmessig utført. Ikke uu. Er tilsvarende montert på alle tannklinikker?

Usikker på om RMNF er blitt informert, eller hørt om rutine for innmelding på skjerm...?



Mvh Egil Hope  
mob: 91129759  
[www.bergenforalle.no](http://www.bergenforalle.no)





## Notat

Dato: 10.10.2017  
Arkivsak: 2017/485-27  
Saksbehandlar: memord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen.

---

### Oversikt over dagens HC-plasser, Helse-Bergen

Vedlagt følger ein oversikt over dagens HC plassar i Helse-Bergen, samt ein oversikt over plassar som vert etablert januar 2018.

Sjå vedlegg.


Vedlegg.

Oversikt over dagens HC-plassar Helse-Bergen, samt oversikt over HC plassar som vert etablert i januar 2018.

# Ny forskrift HC parkering

- Bilde to og tre er dagen regulering av HC plasser
- Bilde fire og fem er regulering etter nye forskrifter

# Sentralblokken P-dekk




# Hovedområdet



# Sentralblokken P-dekk

MA = Hand arville  
HB = Helsebuss  
RST MA = Rutsesjå med arville  
VA = Livar arville



# Hovedområdet



**Notat**

 Dato: 10.10.2017  
 Arkivsak: 2017/485-26  
 Saksbehandlar: memord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 

---

**Frå:** Fylkesrådmannen
 

---

**Oversikt over økonomi pr. 30.09.2017**

Forenklet drifts/økonomi-oversikt pr. september 2017

**RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Budsjettpost:	Brukt	Budsjett	Restbudsj
Fast godtgjersle til politisk arbeid	58 522	109 230	50 708
Arbeidsgiveravgift	8 373	15 292	6 919
Andre kostnader	91 377	179 250	87 873
<b>Totalt</b>	<b>158 272</b>	<b>303 772</b>	<b>145 500</b>

 Ca 14% av  
godtgjersle

Kostnadssted:	Brukt
Fylkesrådet	3 833
Rådsmøter	33 054
AU	20 149
Kurs og konferanser	68 487
Eigne arrangement	32 749
<b>Totalt</b>	<b>158 272</b>

Viktigste andre kostnader	Brukt
Gåver til representasjon	2 540
Beverting/matvarer	20 439
Opplæring og kurs	33 955
Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig	19 542
Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig	5 794

Bilgodtgjersle, trekkpliktig	862
Kostgodtgjersle, oppgavepliktig	7 567
Øvrig	678
<b>Totalt</b>	<b>91 377</b>





Arkivnr: 2017/485-25  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	35/17	23.10.2017

### **Forslag til tema på konferansen for de kommunale rådene – Temadagen RMNF 2018**

Konferansen Temadagen 2018 er under planlegging.

På møtet den 23.10.2017 vert medlemmane oppfordra til å komme med innspel til tema for konferansen 2018.

### **Forslag til vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil fremje forslag til tema for Temadagen 2018.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2017/485-28  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	36/17	23.10.2017

### Oppretting av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4

RMNF inviterte til eit dialogmøte den 22.08.2017. Møtedeltakarene var samde om at det var viktig og positivt å møtast, og å få igang ein god dialog framover. Her er det ulike behov, no må vi se framover og forsøke å finne ein løysing.

Innleiderne heldt presentasjonane. Blindeforbundet delte ut eit skriv/klagerapport frå fylkeslagsstyret som vart gitt til Bybanen Utbygging, Bybanen AS og Skyss. Etterpå var det diskusjon. Medlemmer frå Blindeforbundet fortalde kva som vart opplevd som problematisk ved å krysse overgangar ved Bybanetraseen.

Bybanen Utbygging orienterte om korleis ein planla/prosjekterte Byggetrinn 4 for Bybanen. Det vart mellom anna orientert om prinsippa for haldeplassar, markering av traseen og markering av overgangar. Ein kan gjera noko med framtidig bygging, som til dømes byggetrinn 4, dvs. seie Bybanen frå Sentrum v/Gulating lagmansrett til Fyllingsdalen via Haukeland sykehus. (Ferdigstilt ca. 2020.) Det er vanskelegare å gjera noko med det som allereie er bygd. Det viktigaste er å tilrettelegge for UU, og gjere dette i planleggingsfasen, før bygging. Det er dyrt reparere/rette opp manglande tilrettelegging når det allereie er bygget.

Blindeforbundet ønskjer eit forpliktande samarbeid og brukarmedverknad. Det vart fremma forslag om å opprette ein referansegruppe/brukarmedverknadsgruppe. Bybanen utbygging ser positivt på at det vert oppretta ei referansegruppe, i det vidare arbeid med byggetrinn 4 for Bybanen. Det er viktig at ein evt. gruppe er rett samansett.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har motteke ein bestilling frå Bybanen Utbygging, der RMNF vert beden om å ta initiativ til å opprette brukarmedverknadsgruppa/referansegruppa.

### Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslo kandidatar til brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**PS 37/17 Ymse**